

Vakkert dikt til vakkert bilde.

25.05.2014



Stemningar og inntrykk kan uttrykkjast gjennom bilde og ord. Nokre er meistrar i å fange opp desse øyeblikka gjennom fotolinsa. Einar Gjertsen har denne evna. Olaf Agnar Gausvik er velkjend for oss som ein framifrå ordkunstnar.

I den seinare tid har vi hatt mange vakre kveldar med eventyrlege, ja, magiske solnedgangar. Mange har fanga desse stundene, og bilde av fine solnedgangar har florert på sosiale media.

Sist fredag var nok ein flott solnedgang. Få bilde overgår vel dette som Einar Gjertsen presenterte på facebook.

Bildet vart lika og kommentert av mange, og diktaren Olaf Agnar Gausvik formidla stemningen i det gjennom dette vakre verset frå eit dikt han tidlegare har skrive:

Barndommens landskap, det kjende og kjære
speglar seg vensamt i blikrande sund.
Her har eg ferdast frå fjell og til fjære,
no er eg gjest her ei signerik stund.
Eventyr er det for syn og for sansar,
fargane flyt og Vår Herre held fest;
berre ein svalande austavind dansar
alt medan solkula gløder i vest.

Gjertsen sette stor pris på verset og kvitterte med følgjande kommentar:
Tusen takk for det vakre diktet du deler med oss Olaf Agnar Gausvik. Eg prøver å dela det auga mitt ser, men
evnar ` kje målbæra slik som du gjer'.....

Vi andre takkar for den flotte evna begge har til å formidla slike gode øyeblikk, og for at vi fekk dela det med

lesarane våre her på sida.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland